

Norges Bygdekvinnelag er en frivillig organisasjon med ca. 16000 medlemmer i 598 lokallag tilknyttet 18 fylkeslag. Organisasjonens formål er å samle alle kvinner som føler tilknytning til primærnæringene og bygdemiljøet. Blant organisasjonens oppgaver er å sikre natur- og livsgrunnlag for framtidige generasjoner, å bidra til å skape levende bygder og å øke samholdet mellom kvinner nasjonalt og internasjonalt.

Det kongelige helse- og omsorgsdepartement  
Pb. 8011 Dep  
0030 Oslo

Oslo. 09.08.06

## **Innspill til: Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen 2007-2011**

Viser til e-post fra Kaja Lund-Iversen av 03.07.06 om utsettelse av høringsfristen til 11. august 2006.

Det er et viktig arbeid som er i gang og vi støtter i hovedsak det som er skrevet i utkastet til Handlingsplanen.

Norges bygdekvinnelag (NBK) har kommentarer/synspunkter på noen av de spørsmålene og problemstillingene som det ønskes svar på i høringsbrevet:

### **Til punkt a. Er det forhold/temaområde som ikkje er gjort synleg i dokumentet.**

#### *5.1. Kommunikasjon om mat og kosthold.*

Det offentlege bør legge betre til rette for at friviljuge organisasjonar kan ha kurs/ opplæring av ulike målgrupper om kosthald og ikkje minst praktiske ferdigheiter når det gjeld matlaging. Dette kan gjerast ved å auke tilskott til studieorganisasjonane.

#### *5.2. Sunn mat i et mangfoldig marked*

Det er viktig å få på plass symbolmerking for sunn mat, helst felles med andre land. Det er òg viktig å få på plass merking av kvar maten kjem frå for å lette sporing om noko er feil med maten og gje forbrukarane større tryggleik.

#### *5.4. Sunne måltid i barnehage og skole.*

Planen bør vere litt meir konkret på kva som bør ha første prioritet.

NBK meiner det bør vere tilbod om frukt, grønt og magre typar mjølk til skuleborna. Om ein ynskje gratis måltid i skulen bør det vere eit måltid med grovt brød, sunt pålegg, frukt, grønt og mager mjølk. La middagsmåltidet vere eit ansvar for familien.

Fokus på å gjere måltidet i skulen til ei hyggeleg stund, gjerne kantine der måltidet kan bli ei sosial stund i tillegg til å få ernæringsmessig god mat.

Ei kantine der vaksne er til stades kan og vere ein god møteplass for alle elevane på skulen, ikkje minst elevar med spesielle behov som ikkje alltid har like lett for å delta i fritidsaktivitetane i friminutt.

Det er sjølvsagt viktig å få brusautomatane vekk frå skuleområdet og få tilgang på kaldt drikkevatt, men framleis gjeld regelen om at mjølk, helst ikkje for feit, er eit viktig og godt ernæringsmessig supplement til brødmåltidet. Ikkje minst for å supplere aminosyresamansetjinga til oppbygging av protein og sikre behov for kalsium, ikkje minst blant tenåringsjenter.

#### *5.6 Friskt og fristende på fritiden*

NBK meiner at det under dette punktet og passar å setje søkjelyset på fysisk aktivitet. Kva kan samfunnet gjere for å legge til rette for meir fysisk aktivitet både i barnehage, skule og fritid. Ein av dei tinga er å legge til rette for at ein kan ferdast trygt til og frå skule og aktivitetar i bygd og by utan å måtte køyrast til døra. Dette vil ein kunne greie med å bygge ut gang og sykkelvegar både i bygd og by. I mange kommunar må ungane ha skyss til skulen sjølv om vegen ikkje er så lang på grunn av at det er for farleg å gå eller sykle. Når skulevegen går langs riks- eller europaveg utan gang og sykkelveg må ungane og ungdommane køyrast til alle aktivitetar. Ein kunne få mykje gratis aktivitet om ein slapp å bli køyrd til alt ein skal.

Gode sykkelvegar ville og fremje lysta for vaksne til å bruke sykkel til og frå arbeid.

#### *5.9. Kunnskap og kompetanse om kosthald.*

Meir tydeleg på behov for fagkompetanse for dei som skal undervise i faget mat og helse. Alle som skal undervise i faget må ha eller få tilbod om etterutdanning slik at dei kan gje barn og unge den kunnskapen dei bør ha.

### **Til punkt c. Konkrete tiltak under tiltaksoversikten.**

Fjerne miljøavgifta på skolemjølkkartongen. NBK får melding frå medlemmer og lokallag at foreldre seier opp skolemjølkkartongen fordi den er vorten for dyr.

### **Til punkt d. Kva rolle kan NBK ta på seg.**

NBK kan delta lokalt og regionalt i partnerskap med det offentlege. Ein kan tilby kunnskap om råvarer og matlaging, bistå med bøker om lokal mat som skulane kan bruke. Arrangere matkurs for ulike grupper, da NBK har ein lang tradisjon som studieorganisasjon. Sentralt kan NBK samarbeide i ulike fora med fokus på mat og helse. NBK ynskjer å halde fram sitt førebyggjande arbeide for å betre kosthaldet. Som eit døme på det leiar NBK no eit prosjekt kalla Ganefart 2006 i samarbeid med Mat- og landbruksdepartement og to andre organisasjonar. Dette for å sette søkjelyset på mattilbodet langs vegen. Prosjektet gjennomførast i form av ei tevling mellom serveringsstadene. Å gje born og unge kunnskap om eiga lokal matkultur er og ei viktig sak for NBK. Det gjer dei trygge og skapar interesse for kosthald i vidaste forstand

Med helsing  
NORGES BYGDEKVINNELAG



Tove Ødeskaug/s/  
leder

Eva Normark  
gensekr